



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Lise Lilleåsen	90579022	2016/237-22		21.05.2019

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial 2019-2029

Saksnr. 2018/2569

Høyringsuttale - kommunedelplan for omsorg, helse og sosial 2019 - 2029.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, heretter forkorta Rådet, vil komma med fylgjande uttale i høve planen.

Rådet opplever at planen er god og grundig på mange områder, samstundes som ein og ser klare manglar. Det er beklageleg at vi opplever at dei ansvarlege for planarbeidet skuldar på at ein ikkje har hatt tid til grundige nok førearbeid på einskilde områder.

Rådet opplever at det totale ambisjonsnivået er høgt.

Rådet vil framheva fylgjande punkt som vesentlege:

Gjennomføring av planarbeidet: Rådet finn det lite tilfredsstillande at ein har gjennomført planarbeidet utan å gjennomføre dette som planlagt. Det har vore sett av over to år til dette arbeidet, jamfør *Planstrategi for valperioden 2015 - 2019*. Planstrategien viser oppstart i 2017, arbeidet kom svært seint i gong. Det var planlagt å gjennomføra ei brukarundersøking som ein del av planarbeidet, dette er likevel utelate. Dette er lite tilfredsstillande då denne planen skal danna grunnlag for kommunen sitt arbeid innan omsorg, helse og sosial fram til 2029.

- **Rådet vurderer at dette i seg sjølv kan vera grunnlag for å forlenga planperioden.**
- **Alternativt må ein vera ekstra grundig når ein ser på innspel som kjem inn til høyringsrunden. Ein må då i stor grad vera open for å ta desse inn i planen.**

Ein har til ein viss grad likevel henta inn brukarane sine vurderingar gjennom Dialogkafé/temamøter med ein skilde grupper: (Eldre, psykisk helse og Unge).

Ved å ta med nokre av brukargruppene på denne måten har ein samstundes ekskludert andre.

Det har vore etterlyst temamøte for brukarar og pårørande til tenestene frå **Bu- og habilitering**. Ein slik temadag kunne til ein viss grad erstatta ei brukarundersøking. Dette er brukarar som har eit **livslangt** tenestebehov, ikkje berre til pleie, men også til dagleglivsgjeremål, aktivisering og god helse. Ein har valt å ikkje høyra denne gruppa. Dette er ein klar svakhet med planarbeidet.

Brukarrepresentant i prosjektgruppa: Ingrid Skeie har vore brukarrepresentant i prosjektgruppa. Rådet meiner at arbeidet hadde vore styrka dersom det hadde vore to brukarrepresentantar i gruppa.

Behov innan Bu- og habilitering: Plandokumentet har i liten grad omtala denne gruppa sine behov. Einaste unnataket er bufellesskap og dagsenter planlagt i Rosendal.

Rådet er spesielt oppteken av at det ikkje vert etablert fleire (for store) bufellesskap for denne gruppa brukarar i Kvinnherad kommune. For store bufellesskap vil på sikt føra til vesentleg høgare kostnader, og gi utrygge omgjevnader for ein del av dei som skal bu der. Ut i frå dette er vår heilt klare anbefaling at ein byggjer to - tre separate bufellesskap med til saman 8 - 10 bueiningar i Rosendal. Planane om å gjere dette om til eit burettslag etter at det er ferdigbygd er svært positivt. Rådet vurderer at alle bueiningane kan vera tilslutta det same burettslaget sjølv om ein bygger to - tre separate bufellesskap på «barnehagetomta».

Det har dei siste åra vore oppslag i media som viser at personar i denne gruppa har mista støttekontaktane sine. Kommunen har etter slike oppslag opplyst at desse personane skal få tenestene sine frå personalet i bustadane. Året etter vart det kutta betydeleg i ressursane til personalet for denne gruppa. Då er det vanskeleg å sjå at personalet skal kunna gjennomføre aktivitetane som personane før fekk støtte til frå støttekontaktane.

(Rådet har ikkje fått opplyst at budsjetta er kutta dei siste to åra - det vert opplevt som positivt).

Folkehelse er tema i plandokumentet men ikkje relatert til denne gruppa. Personane i denne gruppa har like rettar til individuelt tilpassa aktivitetar og god folkehelse som andre bebuarar i kommunen. Planen bør komplimentarast med heilt klare tiltak som kjem desse borgarane av kommunen til gode.

Tilpassa mosjon, hindring av overvekt og ein aktiv kvardag vert viktig å prioritera. Men også deltaking på andre arenaer vert opplevt som viktig. Det vert og viktig at bebuarar som ynskjer det får hjelp og støtte til å laga maten sin frå grunnen av. (Det vert opplyst at dette er vanskeleg å få til ved ein av dei to store bufellesskapa i kommunen).

Tiltak for å gi moglegheit til å vera aktiv, også etter kl. 15:00 om dagane og i helgene må visast i planen.

Treningskontaktar: Dei mest erfarne trenings- og støttekontaktane i kommunen har nyleg fått kraftige kutt i lønna, utan at saka har vore til politisk handsaming. Ein har før dette lønnskuttet hatt problem med å skaffa nok trenings- og støttekontaktar. I dokumentet «fordeling av spelemidlar» går det fram at treningskontaktar er eit satsingsområde i Kvinnherad kommunen. Det å ha ein trenings- eller støttekontaktar kan for mange vera svært viktig i forhold til helse. Både fysisk og psykisk.

Tiltak for å få på plass ei aktiv fritid for dei vanskelegstilte gruppene i kommunen må takast inn i plandokumentet.

Nav: Det vert i plandokumentet vist til at ungdom under 30 år har rett- og plikt til aktivitet dersom dei mottak sosialstønad. Det vert vist til at kommunen på noverande tidspunkt ikkje oppfyller dette kravet. Rådet meiner at det er svært uheldig for unge menneske at kommunen ikkje oppfyller lovkravet på det noverande tidspunkt. Rådet oppmodar kommunen om snarleg å setja i verk gode tiltak på dette området. Utanforskap er svært uheldig for alle, spesielt for unge menneske.

S-15: I plandokumentet vert det vist til at fasilitetane ved S-15 ikkje tilfredsstillar behova brukarane av tenestene har. Dersom kommunen reknar med å ha eit behov for samlokalisering for denne gruppa bebuarar framover, må tiltak for å få løyst noverande problem takast inn i planprogrammet.

Koordinator - Barn med spesielle behov: I den siste regjeringserklæringa, då Krf gikk inn i regjeringa vart det bestemt at alle kommunar skal ha ein fast koordinator for familiar som får eller har barn med spesielle behov. Ein koordinator som kan visa foreldre ein god veg i hjelpeapparatet. Ein skal utan å leite sjølv ha tilgang til- og kjennskap til alle tilgjengelege støtte- og hjelpetiltak. Rådet kan ikkje sjå at dette er nemnt i kommunedelplanen. Korleis vil kommunen løysa denne oppgåva? Det er viktig å få dette med i det endelege plandokumentet.

Rekruttering: Heile omsorgssektoren trenger fagpersonar med god faglig kompetanse på omsorgsfeltet og primært leger, psykologar, sjukepleiarar, vernepleiearar osv. Men det kan være hensiktsmessig å rekruttere litt utradisjonelt og, og dermed få nye friske blikk inn på ulike felt: Rådet vil foreslå personar med sosial-antropologisk kompetanse, samfunnsfaglig kompetanse og utdanning på kulturfeltet. Dette er eksempel på yrkesgrupper som kan komme med gode bidrag på feltet?

Dessutan personar med fleirkulturell bakgrunn, som har «eit bein» i kvar kultur. Høgt utdanna fleirkulturelle 2-generasjons-fagpersonar kan være «gull verdt» i utviklinga av omsorgssektoren.

Kvinnherad kommune må sikre betre vilkår for tilsette som ynskjer vidare- og etterutdanning.

Eining for integrering:

Generelt

Eining for integrering og opplæring er del av sektor helse og sosial, og under lovgrunnlaget på side 5 blir Introduksjonsloven nemnt. Vidare i dokumentet blir eininga knapt nok nemnt. Rådet kommer med følgjande uttale om denne eininga:

Når det gjeld innhald kunne eininga likegodt ha lege under sektor for opplæring. Heile eininga (også busetjingsdelen) kan definerast som ein opplæringsinstitusjon. Framandspråklege har dei same utfordringane i livet som alle innbyggjarane i kommunen har, som barn i skulen, sjukdom, alderdom. Men det er ein stor skilnad og den er at omsorgs- og opplæringssystemet vårt, og kulturen og historia som har forma den slik som den er i dag, er også noko som må lærast.

Eksempel 1.: Mange innbyggjarar med utanlandsk opphav meiner ikkje alltid at alders- og sjukeheim er noko av det gode. Oppfatninga om at ein tar seg sjølv av sine gamle foreldre står framleis sterkt, ikkje ulik slik det var for ca. 100 år sidan i Noreg og resten av Europa. Å lære om kvifor det er blitt slik i Noreg, er ein viktig føresetnad for å få tillit til systemet vårt.

Eksempel 2: Psykisk sjukdom er framleis eit tabu i Noreg, men mykje mindre enn det var for bare 20 år sidan. Blant framandspråklege er dette framleis noko som er vanskeleg å snakka om, og kunnskapen om korleis vi kan tilnærma oss framandspråklege som slit med psykisk sjukdom er framleis mangelfull. Også her er ein rett tolking av helsesystemet vårt ein føresetnad for å byggja tillit.

Rådet vil derfor tilrå følgjande:

- *Kvinnherad kommune bør satse på rekruttering av fagpersoner med kunnskap om kulturell bakgrunn og psykisk sjukdom innafor ulike kulturar.*
- *Rådet vil tilrå eit sterkare samarbeid med IMDI (Integreringsdirektoratet) i tillegg til dei allereie nemnde institusjonar: Mykje kunnskap om integrering, busetnad og andre tema på dette feltet, kan ein finne her. Eit aktivt samarbeid med dette direktoratet kan virka førebyggjande og tilføra sektoren nødvendig kunnskap.*
- Rådet vil tilrå at Kvinnherad kommune prøver å byggje ned dei vassette skotta mellom opplæringsetaten i fylke og dei kommunale opplæringsinstitusjonane. Dette er særleg viktig for vaksenopplæringa. Det står mange byråkratiske skott i vegen for eit samarbeid om f. eks. eit raskt opplæringsløp som hjelpepleiar eller fagbrev, fagarbeidarar som vi treng i kommunen.

Heilskaplege tenester:

Forsterking i teksten:

Rådet ynskjer å forsterke følgjande:

Øvst på side 8

..... Heller ikkje systematisk pasient og brukarinvolvering i planlegging, utvikling og evaluering av tenestetilbod.

Med helsing

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Med helsing

Lise Lilleåsen
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.